ALKOHOLPOLITISK PLAN

FOR

VALLE KOMMUNE

(2009 – 2012)

Revidert alkoholpolitisk plan
Vedteken i kommunestyret den 27.05.09

INNHALDSREGISTER

1. INNLEIING …….. 3

2. LOVGRUNNLAG …… 3

3. MÅLSETJING ……. 4
Alkohol lova
Kommunal målsetjing

4. RETNINGSLINER FOR LØYVEPOLITIKKEN …… 4
Generelle retningsliner
Løyveperioden
Vandelskravet
Tildeling og fornying
Internkontroll

Retningsliner for salsløyve .…… 5
a. Salsløyve for øl

Retningsliner for skjenkeløyve …….. 6
a. Pub/barar og diskotek
b. Restaurantar
c. Hotell/motell
d. Kafear
e. Utandørs servering
f. Avgrensing i forhold til skjenkeløyve
g. Skjenkelokal

5. SALS- OG SKJENKETIDER ……. 7
Salstida
Skjenketida

6. KONTROLL MED SALS- OG SKJENKELØYVE ……. 7

7. RETNINGSLINER FOR SANKSJON VED BROT PÅ REGELVERKET 8
Generelt
Brot på regelverket
a. Alvorlege brot
b. Mindre alvorlege brot

Reaksjonsmønster
a. Alvorlege brot
b. Mindre alvorlege brot

8. GEBYR ……. 9

9. DELEGASJON …… 9
a. Kommunestyret

b. **Formannskapet**
c. **Rådmannen**

10. AVSLUTTANDE MERKNADER ……. 10

1. INNLEIING

Alkoholpolitisk plan for Valle kommune vart vedteken i kommunestyret den 28.03.2007.
Planen gjeld for 4 år, frå 2007 til 2010. Alkohollova tilrår at planen vert vedteken av kvart nytt kommunestyre.

Sosial og helsedirektoratet tilrår kommunane å utarbeide ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan og at alkoholpolitisk plan er ein del av denne.

Valle kommune skal utarbeide ny rusmiddelpolitisk plan. Rådmannen har oppnemnd ei plangruppe som skal leggje fram forslag til rusmiddelpolitisk plan innan september 2009. Denne alkoholpolitiske planen vil vere ein del av den heilskaplege rusmiddelpolitiske handlingsplanen.

Lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkohollova) §1-7d pålegg kommunane å utarbeide alkoholpolitisk handlingsplan. Lova vart sist endra med lov av 17.des. 2004 (i kraft 1.juli 2005)

Lova gjev kommunane ansvaret for å tildele, føre kontroll med og eventuelt inndra løyve til å selje og skjenke alkohol innan kommunegrensene. Som forvaltar av dette mynde har kommunen ansvar for eit saksområde med mange ulike interesser, og gjennom ein alkoholpolitisk plan kan ein leggje til rette for ein heilskapleg og samla alkoholpolitikk.

Alkoholpolitisk plan for Valle kommune skal gje rammene for handsaming av saker etter alkohollova og gje politikarar, innbyggjarar og næringsdrivande oversyn over kva som vert lagt til grunn ved handsaming og vedtak i slike saker.

2. LOVGRUNNLAG

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v av 02. 06.1989 nr. 27 (alkohollova)
og
Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 08.06.2005 nr. 538

<u>Andre alkohol relaterte lover</u>
Lov om sosiale tenester av 13. desember 1991
Lov om helseteneste i kommunane av 19.november 1982
Lov om barneverntenester av 17. juli 1992
Lov om psykisk helsevern av 02.07.1999
Lov om vern mot smittsame sjukdomar av 5. august 1994
St. prp. Nr 58 (1997- 98) Handlingsplan for redusert bruk av rusmiddel

All omsetning av alkoholholdig drikk krev særskild offentleg løyve, og dei fleste løyve vert gjeve av kommunen.
Alkohollova set rammer for kommunen sin alkoholpolitikk gjennom tildeling av sal og skjenkeløyve, gjennom å setje vilkår om korleis sal og skjenking skal utøvast, og med å kontrollere at vilkåra vert haldne.
Kommunen kan også gje retningsliner for kva slag arrangement og aktivitetar som kan få skjenkeløyve, sette grense for opningstida og organisere kontrollverksemda slik det høver best i den einskilde kommune t.d. med samarbeid med nabokommunar.

I alkohollova er det fleire kryssande omsyn som ein skal ivaretake. På den eine sida er alkohol ei lovleg vare som styremaktene ynskjer at skal vere tilgjengeleg, og på den andre sida ynskjer ein å redusere dei sosiale og helsemessige skadar som alkohol medfører.
Det er arbeidsplassar og inntekt knytt til sal og skjenking av alkohol, samtidig som alkohol påfører samfunnet og det enkelte menneske stor liding

3. MÅLSETJING

3.1 Målsetjinga i alkohollova

Alkohollova har slik føremålsparagraf:

"Reguleringa av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer."

I samsvar med dette har kommunen ansvar for å syte for at lokal alkoholpolitikk medverkar til at omsetning av alkohol skjer på forsvarleg vis og innanfor dei rammer som lovverket set.
Forsking syner at auke i alkoholbruk fører til større skadeverknader; mindre alkoholbruk reduserar skadeverknadane. Kommunen sin løyvepolitikk kan då vere eit styringsreiskap for å minke skadeverknaden mest mogeleg.

3.2 Kommunal målsetjing

Valle kommune har fylgjande målsetjing i den alkoholpolitiske handlingsplan.

"Valle kommune vil føre ein alkoholpolitikk som legg til rette for lovleg omsetnad av alkohol. God kontroll med sals- og skjenkestadar skal sikre at lov og regelverk vert fylgd.
Kommunen ser dette som eit verkemiddel i arbeidet for å

- **oppfylle hovudintensjonen i alkohollova ved å redusere skadeverknaden av alkohol gjennom å redusere alkoholbruken.**
- **endre skadelege drikkemønster**
- **utsetje debutalderen for alkoholbruk"**

4. RETNINGSLINER FOR LØYVEPOLITIKKEN I VALLE KOMMUNE.

4.1 Generelle retningsliner

Kommunen kan tildele to slags løyve:

- Salsløyve
- Skjenkeløyve, permanent, for ein bestemt del av året eller for ei enkel anledning, og ambulerande skjenkeløyve til lukka selskap.

Målsetjinga er å redusere skadeverknaden av alkohol. Ein vil difor som utgangspunkt prioritere skjenkeløyve til restaurantar og stadar der alkohol ikkje er primærtilbodet, dvs. stadar som også serverar mat. *Ein vil bare gje skjenkeløyve til verksemd som har servering av mat og/eller drikke. (for eksempel ikkje til frisørsalongar, butikkar, messearrangørar etc.)*

Kommunen kan fastsetje aldersgrense for å komme inn på enkelte skjenkestadar. Innføring av aldersgrense på einskilde arrangement blir vurdert individuelt, og kan setjast som vilkår for skjenkeløyve.

På stadar der driftskonseptet kan vere forskjellig på dag og kveldstid, kan det vere aktuelt å innføre aldersgrense bare om kvelden.

Kommunen vil ikkje setje "tak" på sals- eller skjenkeløyve. Det gjeld også ambulerande skjenkeløyve.

4.2 Løyveperioden

Løyveperioden gjeld for 4 år om gongen med opphøyr 30.juni året etter byrjing av ein ny kommunestyreperiode.
Etter alkohollova kan det gjevast skjenkeløyve for eit enkelt høve. Slikt løyve kan ikkje gjevast for lenger periode enn 2 veker.

4.3 Vandelskravet

Sals- og skjenkeløyve kan nektast på grunnlag av negativ uttale frå politiet når forholdet knyter seg til alkohollova eller anna lovgjeving som knyter seg til alkohollovas formål.
Negativ uttale om vandel i forhold til skatte- og avgiftslovgjevinga kan også gje grunnlag for å nekte løyve.
Ein syner elles til alkohollova §1- 7b.

4.4 Tildeling og fornying

Ved tildeling og fornying skal det leggjast vekt på om søkjar er eigna til å ha sals- og skjenkeløyve og om han/ho oppfyller krava i alkohollova §1-7c som m.a. omhandlar alder og krav om dokumentert kunnskap om alkohollova.

4.5 Internkontroll

Innehavar av sals- og skjenkeløyve har plikt til å ha eit internkontrollsystem, jfr forskrift til alkohollova kapitel 8.
Unntak kan gjerast for løyve i eit enkelt høve når det vil virke urimeleg bl. anna ut frå storleiken på arrangementet. Det er viktig med internkontroll ved store og uoversiktlege arrangement som festivalar etc.

Det er ikkje krav til internkontroll ved ambulerande skjenkeløyve.

Kommunen vil ved behov gje råd og rettleiing til løyvehavar i arbeidet med å utforme eit internkontroll system.

4.6 Retningsliner for salsløyve

Valle kommune har 3 salsstadar for alkohol med styrkje inntil 4,7 volumprosent:

- Coop Valle BA, Valle
- Joker Valle (Andersens Kolonial) Valle
- Coop Marked Hylestad, Rysstad

Talet på salsløyve har vore det same i fleire år.

a. Salsløyve for alkoholhaldig drikke inntil 4.7 volumprosent alkohol

Daglegvarebutikkar som har eit fullverdig, variert og tilfredsstillande tilbod av daglegvarer.

4.7 Retningsliner for skjenkeløyve

Valle kommune fylgjande skjenkestadar som har alminneleg løyve:

- Valle Motell
- Sølvgarden Hotell og Feriesenter
- Brokkestøylen
- Brokke Alpinsenter

a . Pub/bar og diskotek

Dette er skjenkestadar der alkoholservering vil utgjere hovudtilbodet.
Øl, vin og brennevinsløyve kan gjevast.

b. Restaurantar

Med dette meiner ein serveringsstadar som har eige kjøkken med koking av eigen mat med eit variert og tilfredsstillande tilbod og med servering ved borda.
Øl, vin og brennevins løyve kan gjevast.

c. Hotell/motell

Det kan gjevast skjenkeløyve til hotellet/motellet sine gjester på overnattingsstadar som har tilfredsstillande standar (minibar servering) Jfr forskrifta §4- 8
Øl og vin vinløyve kan gjevast. Avgrensing i opningstida gjeld ikkje.

d. Kafear

Med kafear meiner ein serveringsstadar med eige kjøkken med eit variert og tilfredsstillande mattilbod.
Øl og vin løyve kan gjevast.

Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve til gatekjøkken. Med gatekjøkken meiner ein serveringsstad der tilbodet er enkle matrettar av heil- eller halvfabrikat.

e. Utandørs servering

Det kan i utgangspunktet bare gjevast skjenkeløyve til uteservering i direkte tilknyting til restaurant/serveringsstad av mat (terrasse servering)
Øl, vin og brennevinsløyve kan gjevast
Uteservering skal skje på tydeleg avgrensa område.

Det kan i heilt spesielle høve gjevast løyve til anna utandørs skjenking etter ei konkret vurdering.
Som vilkår for slikt løyve kan kommunen sette 18 års aldersgrense for arrangementet.

Unntak kan vere skjenkeløyve til lukka selskap i telt.

f. Avgrensing i høve til å få skjenkeløyve

- Det vert ikkje gjeve sals- eller skjenkeløyve ved idrettsarrangement.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve ved arrangement der barn og unge er målgruppe.
- Skjenkeløyve i lokal som idrettshall, idrettsanlegg offentleg forsamlings hus kan gjevast etter ei konkret vurdering i det enkelte høve. Dersom det i statuettane for huset er forbod mot alkoholservering kan løyve ikkje gjevast.
  Det kan bare gjevast løyve til skjenking av øl og vin

g. Skjenkelokal m.m

Ved tildeling av løyve skal skjenkelokalet si målgruppe, storleiken på lokalet, trafikk tilhøve, ordensmessige problem, høve til å føre kontroll og omsyn til lokalmiljøet tilleggjast vekt.

Ved tildeling av ambulerande løyve/løyve til enkeltarrangement skal ein fylgje dei same reglane som for fast løyve.

Elles syner ein til reglane for tildeling av kommunal skjenkeløyve i alkohollova kapitel 4.

5 SALS- OG SKJENKETIDER I VALLE KOMMUNE

5.1 Salstida

Sal og utlevering av drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol kan bare skje mellom kl. 08.00 og kl. *20::00 på kvardagar. Laurdagar og dagar før heilagdagar må salet stengjast kl. 18:00*

Det er ikkje høve til sal av alkoholhaldig drikk som nemnt ovanfor på sun- og heilagdagar, 1. og 17. mai, og røystedagane for stortings- og kommunestyreval og folkerøysting vedteke med lov.

Syner elles til alkohollova §3- 7

5.2 Skjenketida

a. Skjenking av drikk **under** 22 volumprosent alkohol: (øl og vin)
   - Kvardagar, sun- og heilagdagar og off høgtidsdagar kl. 08:00- *02:00*

b. Skjenking av drikk **over** 22 volumprosent alkohol (brennevin)
   - Kvardagar, sun- heilagdag og off høgtidsdagar kl.13.00- *02:00*

Konsum av skjenka alkohol må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

Valle Kommune vil som utgangspunkt ikkje gje skjenkeløyve utover den tida som går fram av punkt a og b ovanfor. Det må heilt spesielle grunnar til for å fråvike dette prinsippet for eit enkelt høve,

Syner til alkohollova §4- 4

6 KONTROLL MED SALS- OG SKJENKELØYVE

Etter alkohollova § 1- 9 har kommunen ansvaret for kontroll med sals- og skjenkestadar som ligg i kommunen.

I Valle kommune gjeld fylgjande:

- Formannskapet er kontrollutval i kommunen
- Kontroll av sals- og skjenkestadar skal utførast av engasjerte kontrollørar.
- Kontroll av sals- og skjenkestar skal gjennomførast minst 4 gonger i året . Kontrollørane skal så langt det er mogeleg leggje kontrollen til tider når det er store arrangement i bygda. Kommunen skal gje kontrolløren beskjed om store arrangement, og skal vurdere om det er trong for ekstra kontroll.
- Kontrolløren skal også kontrollere føring av internkontroll etter forskrift til alkohollova kapitel 8.
- Kontrolløren sender rapport til kommunen etter kvar kontroll. Kontrollrapporten skal refererast i formannskapet kvar gong.

Kontrollen fylgjer elles av forskrift til alkohollova kapitel 9.

7 RETNINGSLINER FOR SANKSJON VED BROT PÅ REGELVERKET

7.1 Generelt

Alkohollova §1- 8 gjev heimel for inndraging av sals- og skjenkeløyve for kortare eller lengre tid. Forskriftene til alkohollova skil mellom alvorlege og mindre alvorlege brot på regelverket.

7.2 Brot på regelverket

a. Alvorleg brot

- Sals- skjenking til personar under alderskravet
- Sals- skjenking til overstadig rusa personar
- Brot på sals-og skjenketida
- Narkotika omsetnad på skjenkestaden
- Manglande innbetaling av løyvegebyr etter fleire purringar
- Brot på alkohollovas vandelskrav i løyveperioden, jfr §1-7b

b. Mindre alvorlege brot

- Brot på reklameforbodet
- Manglande internkontroll, jfr forskrifta kap. 8
- Tilgang til skjenkestaden for synleg rusa personar
- Skjenking til bord med synleg rusa personar til stades
- Nyte alkoholhaldig drikke som er teke med til skjenkestaden
- Take med alkoholhaldig drikke når dei forlet skjenkestaden
- Manglar alkoholfrie alternativ

Denne opplistinga er rettleiande då det også kan vere andre brot som kan føre til sanksjonar.

7.3 Reaksjonsmønster

a. Alvorlege brot

- Ved fyrste gongs brot på regelverket vert det normalt reagert med skriftleg åtvaring. Ved særleg grove brot på alkohollova kan løyve inndragast også ved fyrste gongs brotet.
- Ved 2 gongs brot vert det reagert med inndraging i 1 månad
- Ved 3 gongs brot vert løyve inndrege for resten av perioden
- Brot på vandelskravet, jfr. alkohollova §1-7b, kan, etter ei skjønsmessig vurdering føre til inndraging av løyve for resten av perioden.
- Ved manglande innsendt oppgåve over omsett mengde alkohol eller manglande innbetaling av gebyr, vert løyve inndrege etter 2 gongs purring og gjeld inntil oppgåve er sendt inn og gebyr betalt.
- Ved brot på reglane i alkohollova der ambulerande løyve/løyve for enkeltarrangement er gjeve kan løyve straks inndragast av politiet.
- Kombinasjon av alvorlege og mindre alvorlege brot på reglane kan få verknad for reaksjonsmønsteret i form av lengre inndragingsperiode.

b. Mindre alvorlege brot

- Ved fyrste gongs brot vert det reagert med skriftleg åtvaring.

- Ved 2. gongs brot vert det reagert med inndraging av løyve for 1 veke
- Ved 3 gongs og fleire brot vert det reagert med inndraging i 1 månad
- Kombinasjon av mindre alvorlege og alvorlege brot på reglane kan få verknad for reaksjonsmønsteret i form av lengre inndragingsperiode.

Åtvaring og brot på reglane i tidlegare periodar kan også bli lagt vekt på ved vurderinga av inndraging av løyve.

8. GEBYR

Kommunen vil fylgje satsane i lova og forskrifta for innkrevjing av gebyr.
Ein visar til alkohollova §7- 1 og forskrifta §§6- 1 og 6- 2.

Ambulerande skjenkeløyve (alkohollova §4- 5) Gebyr må vere innbetalt før løyve vert teke i bruk.

Skjenkeløyve til enkelt arrangement (gitt etter alkohollova §1- 6) Gebyr vert fastsett etter forventa omsetnad og skal betalast seinast 3 dagar før arrangementet finn stad.

Ved kontroll må gyldig kvittering synast.

9. DELEGASJON

Ansvaret i forhold til alkohollova vert fordelt slik:

a. Kommunestyret
- Vedtake alkoholpolitisk handlingsplan
- Tildeling av sals- og skjenkeløyve for ein 4 års periode.

b. Formannskapet
- Inndraging av sals- og skjenkeløyve i forbindelse med brot på alkohollova
- Permanent utviding av sal og skjenkeområde (vesentleg utviding)

c. Rådmannen
- Skifte av styrar og vikar for styrar
- Tildeling av løyve for eit enkelt høve, jfr. alkohollova §1- 6
- Tildeling av ambulerande skjenkeløyve, jfr alkohollova §4- 5
- Utviding av skjenketida for eit enkelt høve, jfr alkohollova §4- 4
- Utviding og flytting av skjenkelokalet for eit enkelt høve, jfr alkohollova §4- 2
- Fastsette 18 års aldersgrense etter vurdering i det enkelte høve
- Fastsette løyve gebyr i samsvar med alkohollova sine satsar.

10. AVSLUTTANDE MERKNADER

For kvart løyve skal det utpeikast ein styrar og vikar for styrar, der begge skal godkjennast av kommunen. Styrar og vikar for styrar må vere tilsett på skjenkestaden eller arbeide i verksemda i kraft av eigarstilling. For begge er det krav om bestått kunnskapsprøve i alkohollova.
Det er ikkje krav til kunnskapsprøve for ambulerande skjenkeløyve eller løyve for eit enkelt bestemt høve..

Kommunen har ansvaret for gjennomføring av kunnskapsprøve i alkohollova i samsvar med retningsliner for slike prøver. (forskrifta kap. 5)

Kommunen vil utarbeide standardiserte søknadsskjema for søknad om sals- og skjenkeløyve i trå med reglane i alkohollova og forskrifta

Alkoholpolitisk plan er supplement/ utfyllande i forhold til alkohollova og forskrifta. I nokre tilfeller står kommunen fritt til å gje retningsliner innanfor lovas ramme, i andre tilfeller er lova bindande for kommunen.

Løyvehavar må alltid fylgje lova og forskriftene i tillegg til kommunale retningsliner.

Reglar for sakshandsaming og klage fylgjer forvaltningslova når ikkje anna er bestemt i alkohollova med forskrifter.